



Tor Bringedal får mykje ros for boka

-Dette var solide saker!

Dette er den første reaksjon frå forfattaren Olaf Agnar Gausvik på boka om Kvinnherad frå 1837 til 1945 som Tor Bringedal har skreve. 27. november får uskedalingane høve til å møte forfattaren under bok-kvelden som Kvinnherad Mållag og Kvinnherad sogelag held i Gamleskulen. Der vert også Kvinnhersminne 2013 presentert.

Dette året er husmorlaga og Skorpo tema i årboka. Det er altså all grunn til å ofra også denne boka merksemd sett gjennom lokale brillar. Truleg vil denne boka vera i sal allereie denne veka.

Bringedals bok inneheld natuleg nok svært mykje stoff frå Uskedalen - til dømes om kyrkja, veg og brubbyggjing, kraftutbyggjing og skule.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen